



Sjå tabell over mottakarar

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
	20/01419-3	Odd Helge Mjellem Tonheim, odd.helge.mjellem.tonheim@hivolda.no	11.11.2020

Innspel til revidering av vedtektene til studentprisen frå HVO

Høgskulen i Volda er glad for at vi har ei ordning med studentpris, og er positiv til at det no vert ei revidering av vedtektene, og at det er eit mål at prisen skal ha ein verdi vidare framover.

Kommentarar/innspel frå HVO:

- § 2 Studentprisen skal offentleggjerast i mai kvart år, og vert delt ut ved studiestart påfølgjande semester.

HVO sine kommentarar:

Normalt har vel denne vorte tildelt i vekene før studiestart dei siste åra? Foreslår at denne § vert endra til noko i retning av at studentprisen vert delt ut ved studiestart.

- § 5 Juryen for Studentprisen består av leiar for Studentparlamentet, ein representant frå rektoratet ved HVO, studiedirektør ved HVO, ass. direktør ved SiVolda og ein av studentane i styret til SiVolda. Sistnemnde vert oppnemnd av Studentparlamentet.

HVO tenker jurysamansetjinga ser bra ut.

- § 6 Leiar i Studentparlamentet har det overordna ansvaret for Studentprisen, og leiar juryarbeidet. Vedkommande set i gang nominasjonsprosessen, kallar inn til jurymøte når nominasjonsfristen er ute, og har ansvaret for å overrekkje prisen til vinnaren/vinnarane.

HVO støttar at leiar i studentparlamentet leiar juryarbeidet. HVO peikar også på at rutine rundt innkalling av jury bør sjåast på, og at vi samla bør arbeide for betre grunnlag i nominasjonane for at juryen kan gjere eit godt arbeid. Men tenker dette ikkje skal inn i vedtektene.

- § 7 Studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda, og tilsette ved Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda), kan nominere kandidatar til Studentprisen.

Tenker dette er bra, men vi tren ei auka bevisstgjeriing i organisasjonane om at det er fleire enn studentane som kan nominere.

- § 8 Framlegg til kandidatar må innehalde namn og kontaktinformasjon både for den som nominerer og den som vert nominert, saman med ei grunngjeving for kvifor nettopp denne

studenten/desse studentane bør få prisen. Frist for å nominere kandidatar bør vere kring 15. april kvart år.

Som tidlegare nemnt bør vi arbeide saman for å få betre grunngevingar for nominasjonane. HVO tenker at det ikkje er naudsynt at det står dato for nominasjon i vedtektene. Det kan «berekast» ut frå når prisen skal delast ut, for å gje alle ledd tid nok til å gjere det som må gjerast, og dato for frist bør kunne flyttast på ut frå praktiske tilhøve, også utsettast. HVO vil støtte å ta ut den siste setninga i denne paragrafen (om fristen).

§ 9 Namnet på vinnaren/vinnarane av Studentprisen må vere klart seinast ei veke før offentleggjeringa finn stad i mai.

I praksis har prisen vore delt ut på studiestarteremonien. Og tenker det er ein fin stad å markere dette litt ekstra. Foreslår difor endring til følgjande tekst: Namnet på vinnaren/vinnarane av Studentprisen må vere klart seinast ei veke før offentleggjeringa på opninga av nytt studieår.

§ 11 Den/dei nominerte skal vere eller ha vore student ved Høgskulen i Volda seinast for eit år sidan.

Her bør studentparlamentet vurdere om det er formålstenleg å opne for at ein student som er slutta for eit år sidan kan få prisen, særleg sidan det er ein årleg pris. Bør studentprisen for 2020/2021 gå til ein student som gjekk på HVO sitt siste studieår 2019/2020? HVO har ingen sterke meiningar om det, men vil anbefale studentparlamentet å vurdere det.

§ 12 Ved tildeling av prisen skal det leggjast vekt på kriteria som er nemnde nedanfor: Studenten/studentane har:

- ✓ Utmerkt seg særskild gjennom arbeid for eit godt studentmiljø eller betre studiekvalitet
- ✓ Brukt mykje av fritida si på aktivitetar som fremjar studentvelferd
- ✓ Vore med på å starte opp nye positive studentaktivitetar
- ✓ Vore aktivt med på å fremje Volda som studiestad.

Ved tildeling må minst eitt av desse kriteria vere oppfylt.

Forslag til ny tekst på punkt ein: «Utmerkt seg særskild gjennom arbeid for eit godt studentmiljø, læringsmiljø eller betre studiekvalitet» (i praksis legge inn også omgrepet læringsmiljø, som på ein måte er ein del av studiekvaliteten, men kan femne om så mykje meir).

Vil kanskje foreslå å byte ut ordet «fritida» med «tida» i andre punkt her.

§ 14 Juryen kan velje å ikkje dele ut prisen dersom dei manglar kandidatar som oppfyller kriteria. Juryen bør då først forsøke ein utvida nominasjonsfrist.

Foreslår å stryke den siste setninga. Med bakgrunn i at ein eventuell utsett frist er det naturleg juryleiar/leiar i studentparlamentet eventuelt i samråd med ein annan i juryen kan gjere, utan å kalle saman heile juryen. Fristen bør også vurderast fortløpande, då ei utsett frist er naturleg kjem som ei direkte forlenging av fristen. HVO tenker det vert uehelig å lyse ut prisen på nytt, når juryen sitt arbeid er i gang. Til dømes kan juryleiar/leiar i studentparlamentet saman med prorektor eller studiedirektør

avgjere om fristen vert utsett. Utover det støttar HVO at juryen kan bestemme at prisen ikkje skal delast ut.

Med helsing
Leiinga

Odd Helge Mjellem Tonheim
Prorektor

Leiinga

Vår dato
11.11.2020

Vår referanse
20/01419-3

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Studentparlamentet i Volda		Postboks 500	6101 VOLDA
Studentparlamentet i Volda	Marit Aklestad	Postboks 500	6101 VOLDA
Trym Nikolas Rimmen		c/o Klokkarvegen 19	6102 VOLDA